

21.3.2013

SA 6/3-13

DEBATT

25

Stavanger Aftenblad

LYSEBOTN KRAFTSTASJON

Brutal Lyse-regulering blir verre

«Lyse Produksjon AS har vedtatt å fornya Lysebotn Kraftstasjon. Ny stasjon skal auka kraftproduksjonen med 180 GWh (millionar kilowattimer) og ytinga aukar frå 210 MW til 370 MW. Årsproduksjonen aukar frå om lag 1320 GWh til om lag 1500 GWh, og opprustinga er eit stort og viktig miljøprosjekt», skriv Lyse.

Det er Ardalsvassdraget og deler av Lyseelva som leverar vatnet til Lysebotn Kraftstasjon. I Ardalsvassdraget er det store reguleringssinngrep. Lyngsvatnet har varierande høgderegulering på 50 meter, Breiavad (kunstig magasin) 48 meter, og Nilsebuvatnet 14 meter. Vassdraget vart regulert ved konseksjon av 19.11.1948. Den tids reguleringssvilkår er utan miljøomsyn som minstevassføring og liknande, som nyare kraftutbyggings har blitt pålagt. Ein seinare direktør for Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), sa det slik: «En særdeles brutal regulering».

Nytt inntak i hovudmagasinet Lyngsvatnet, og auka installasjon i Lysebotn Kraftstasjon vil gjera det mogleg å produsera mykje kraft på kort tid ved store behov eller høg pris. Denne auka kapasiteten er ein viktig del av føremålet med den nye kraftstasjonen. Ved slik produksjon vil Lyngsvatnet senkast med større fart enn før, og den brutale reguleringa vil bli endå meir brutal. Naturinngrepa vert verre, problema for ferdsel sommar og vinter vil auka, likså problema for fiskebestanden, erosjonen i reguleringssonen, med meir. Dersom opprustinga skal bli eit miljøprosjekt må Lyse vise dette i praksis ved å sikra minstevassføring på lakseførande strekning i Ardalsvassdraget (2,5 m³/s ved Nes bru). Krafttapet ved dette er i følgje NVE 0,67 prosent av årleg gjennomsnittsproduksjon, og kostnadene mindre enn 0,04 øre per kWh. Dette er langt mindre miljøkostnader enn andre kraftsel-skap må fåla.

Sidan Lyse starta produksjonen i Lysebotn har nedbørmengdene i Lyse sine nedbørfelt auka 10-15 prosent. At 0,67 prosent går med til å ajourföra miljøkrava til dagens standard, er ein ørliten del av den gevinsten Lyse har fått gratis.

Det er positivt at Lyse vil nytta eksisterande naturinngrep meir effektivt, men prosjektet blir ikkje eit miljøprosjekt utan effektive miljøtiltak. Det å pynta seg med miljøord er ikkje nok, forbetringar i Ardalsvassdraget må til.

SIGMUND HATLØY
Pensionert elveeigar i Ardalsvassdraget

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Opprusting av lysebotn kraftverk, Forsand kommune

Denne saka gild og så Ardalsvassdraget der det ligg føre krav om revisjon av reguleringssvikåra. Kravet har nå vore under handtering i over 15 år, utan avgjerd.

Vedlogt sender eg kopi av innlegg i Stavanger Aftenblad 6.5.13 som illustrerer saka.

Eg bed departementet gi ei positiv avgjerd på det rimelige kravet om minstevassføring i Ardalsvassdraget.

Med hilsing
Sigmund Hatløy
Andnesgt 20
4016 Stavanger